



# ÅRSMELDING MELAND SOKN 2019

## Innhald

<b>Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>Soknerådet .....</b>	<b>3</b>
<i>Møter og sakshandsaming .....</i>	<i>3</i>
<i>Val.....</i>	<i>3</i>
<i>Viktigaste saksområde i 2019 .....</i>	<i>4</i>
<b>Tilsette og stillinger .....</b>	<b>4</b>
<b>Bygg og anlegg .....</b>	<b>6</b>
Planlegging av nytt lydanlegg .....	6
Planlegging av ny kyrkjegardsutviding.....	6
Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug.....	6
<b>Økonomi.....</b>	<b>7</b>
<b>Statistikk.....</b>	<b>9</b>
<b>Kyrkjelydsarbeidet og trusopplæringstiltak .....</b>	<b>10</b>
Misjonsprosjekt.....	10
Enkelttiltak - trusopplæring .....	10
Konfirmantar.....	11
Fasteaksjonen .....	11
Løvegiingen (søndagsskulen) .....	11
Babysong/småbornstreff .....	11
HipHop-kurs for barn .....	12
Onsdagsklubben.....	12
Yngres .....	12
Skrul og Tenklubben.....	13
Diakoni.....	13
Musikklivet i kyrkjelyden .....	13
<b>Tusen takk for eit kjekt og innhaldsrikt år saman!.....</b>	<b>14</b>

# Innleiing

Soknerådet, staben og kyrkjelyden har i 2019 hatt siste innspurt i samanslåinga av fellesråda og endeleg har vi lukkast med å få tak i spesialprest! Gudstenestetala har gått opp, vi har fått fleire faste givarar, men dverre ingen kyrketomt på plass.

## Soknerådet

### Møter og sakshandsaming

#### Meland sokneråd har i 2019 vore samansett av følgjande faste medlemmer:

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Ingunn Reigstad (nestleiar)
- Andreas Westermoen
- Brigt Roar Skeie
- Andreas Sagstad Berg
- Bent Gunnar Næss
- Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

#### Vara:

- Per Audun Heskestad (1.vara - møter fast)
- Synnøve Kårstad Ryland
- Anne Kjersti Tveiten Erikstein
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig
- Torbjørn Bøen

Sølvi Gripsgård Knudsen er kommunal representant og Marit Jøssang er vararepresentant.

Kommunen sin representant deltek i handsaming av fellesrådssaker. Anne Sofie N. Uthaug er sekretær for soknerådet og er med i arbeidsutvalet (AU)

#### Møter og sakshandsaming

Det vart gjort 20 vedtak i det avtroppande soknerådet og 6 i det nye, og 21 vedtak i fellesrådet.  
Årsmøte var på Tveit Bedehus 10.03.19.

## Val

Val av sokneråd og bispedømeråd vart avvikla etter planen 9.september. Det var 586 personar som gav si stemme i kyrkjevalet her i Meland. 520 stemte på val av bispedømeråd, 561 på val av sokneråd og det utgjer 11% og 10% av dei med stemmerett på kyrkjevalet i Meland. Nokre blanke stemmer kom inn på begge vala. 101 personar nutta høvet til å førehandsstemme, anten i kyrkja i samanheng med gudstenester eller på kyrkjekontoret. Valtinget (vallokalet på valdagen 9.9) var avvikla på dei seks same stadane som kommune- og fylkestingsvalet.

#### Nye faste medlemmer etter valet

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Bertine Wiig Sulebakk (nestleiar)

- Erlend Åsebø
- Kristin Brakstad Traa
- Astrid Anne Fjeldstad
- Bent Gunnar Næss
- Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

#### **Vara:**

- Maria Christine Sæle
- Aslaug Aalen
- Per Audun Heskestad
- Andreas Sagstad Berg
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig

Bent Gunnar Næss er valt som Meland sokneråd sin representant til Alver kyrkjelege fellesråd. Anne Sofie N. Uthaug er sekretær for soknerådet og er med i arbeidsutvalet (AU).

## **Viktigaste saksområde i 2019**

- Tilsetting av spesialprest
- Ny kyrkje på Frekhaug
- Samanslåing av fellesråda
- Nytt misjonsprosjekt

#### **Samanslåingsprosessen mot Alver kyrkjelege fellesråd.**

I det siste året der Meland sokneråd styrtet det einaste soknet i kommunen, og dermed hadde fellesrådsoppgåver, gjekk mykje av tida til dei administrativt tilsette (kyrkjeverje og konsulent) med til samanslåingsprosessen. Mykje skulle på plass før 01.01.20; organisering, lokalisering, tilsette, økonomi etc. Fellesnemnda vedtok tidleg at alle sokn skulle få ha sine kontor. I Lindås slo 6 sokn seg saman til 2 (Knarvik og Lindås), så det nye fellesrådet vil bestå av 5 sokn.

#### **Verdiar og retning for kyrkjelyden**

I mange år har kyrkjelyden hatt denne visjonen: *Nær Gud, nær menneske*. Hausten 2018 vedtok soknerådet denne formulering av verdiane for kyrkjelyden: *Engasjert, mangfoldig og inviterande kvardagskyrje*. I 2019 vedtok soknerådet korleis desse vidare kunne utdjupast i tekst. Arbeidet med strategiar for kyrkjelyden skjer på ein systematisk måte i staben i eigne strategimøte, i Administrasjonsutvalet for soknerådet og i soknerådsmøtene. Kyrkjelyden avslutta avtalen med Ommund Rolfsen som Naturlig menighetsutvikling (NAMU)-retteiar og inngjekk ny avtale med Karen Sofie Romarheim Aasmyr, som bur i Nordhordland.

## **Tilsette og stillingar**

Etter mange års arbeid for å få meir presteressurs frå bispedømet, fekk Meland frå 2016 50% prest i tillegg til soknepresten. I 2018 inngjekk soknet avtale med bispedømet om å finansiere 30% av ein spesialprest mot at bispedømet finansierte 70%. Og endeleg, i juni 2019 kunne kyrkjelyden ha innsetjing av den nytilsette spesialpresten Håkon Kinsarvik. Samtidig kom det nye diakonmidlar til Den norske kyrkja, Meland søkte på dei og fekk tildelt 200.000 årleg til å finansiere diakonstillinga.

Då fekk ein auka diakonstillinga til 100% og ein fekk moglegheit til å tilby kyrkjelydspedagogen auke til 100% stilling.



Foto 1 - Spesialprest Håkon Økland Kinsarvik, Helge Hitland og prost Helge Taranrød

Namn	Stilling	Stillingsprosent	Kommentar
Bjørn Tore Sæle	Sokneprest	100%	Delvis studiepermisjon haust 19
Anne Sofie Nergård Uthaug	Kyrkjeverje	100%	
Junji Furukawa	Kyrkjetenar	50%	
Linda Gripsgård Lunga	Konsulent	80%	+15-20 % prosjektstilling i Alver
Trond Fykse	Kyrkjelydsmusikar	100%	
Ruben Sæle	Diakon	80%	100% frå mai Foreldrepermisjon haust 2019
Anne Marit Fosse Dahle	Kyrkjelydsmedarbeider	80%	100% frå november
Vibeke Bjørndal Midttun	Vikar diakonimedarbeidar		Hausten 2019

Tabell: Oversikt over tilsette

## **Bygg og anlegg**

Det var planar om å male kyrkja i 2019, men det måtte utsetjast på grunn av budsjettsituasjonen i Meland kommune. Sommaren 2019 vart det skifta rotne bord i tårnveggen mot vest og det partiet vart måla, og arbeidet vart utført av Meland kommune.

Vindauga og inngangsdøra i kyrkjestova vart også skifta av kommunen sine arbeidarar i 2019. Det var sårt tiltrengt sidan vindauga i fleire år har vore heilt rotne i karmen og vi har venta på å få arbeidet gjort.

Kyrkeverja og soknepresten inviterte formannskapet til kyrkja for å sjå tilstanden på tilbygget og kyrkja, og forklare behovet for andre lokale, men også for å få rusta opp tilbygget. Det vart bede om eit innspel til opprusting av tilbygget, men resultatet vart at det ikkje kom med på verken Meland kommune sine planar eller Alver kommune sitt budsjett, sjølv om behovet vart meldt inn.

Soknerådet avgjorde at ein må ha ei mellombels løysing for søndagsskulen. Det vart sett i gang eit arbeid med å få tak i brukte modulbygg. Dei vart bestilt inn og lagra frå juni, då dei aktuelle brakkene måtte fraktast vekk frå tidlegare bruk på Osterøy. På grunn av ferieavvikling med meir tok det svært lang tid å få søkt om ei mellombels plassering av modulbygget. Svaret på søknaden frå kommunen kom etter nokre månader så arbeidet med brakkene kom ikkje i gang før rett etter nyttår 2020.

### **Planlegging av nytt lydanlegg**

Takka vere frivillige og soknepresten sitt initiativ vart saka med lydanlegg tatt opp att i 2019. Det har vorte henta inn pristilbod og Bright group gav det beste tilbodet. Søknaden til biskop om godkjenning av anlegget er sendt, og godkjent i skrivande stund.

### **Planlegging av ny kyrkjegardsutviding**

Reguleringsplanen for den nye kyrkjegardsutvidinga vart lagt ut til høyring i 2019. Det kom motsegn frå fylkeskommunen mot den nye vegen frå Bjørnestad utanom kyrketunet. Prosessen går vidare i 2020.


### **Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug**

I mai 2019 vedtok Meland kommunestyre ein intensjonsavtale om kyrkjebygging saman med Meland sokneråd. Avtalen skal følgje med inn Alver kommune. Soknerådet fekk i fullmakt å kunne arbeide med å skaffe tomt sjølv og kommunen stiller ein pengesum til rådvelde for kjøpet. Hausten 2019 vart det arbeidd med å skaffe til veie tomt, utan at det lukkast.


# Økonomi

I det siste rekneskapsåret som eittsokns fellesråd går soknerådet sitt rekneskap ut med eit overskot (mindreforbruk) på kr 523 258. Dette skuldast mellom anna at ein hadde rekna med å betale for 30% av spesialpreststillinga for heile året, men stillinga vart ikkje fylt før frå juni. Det andre som ikkje hadde vorte tatt høgde for var at ein fekk meir refusjon frå NAV enn medrekna, og vi fekk meir tilskot frå bispedømet enn budsjettet med.


Inntekter 2018 og 2019



Utgifter 2018 og 2019



Offerinntektene har gått litt opp og ned dei seinare åra. I fjor gjekk gåvene til andre ned, medan gåvene til eige arbeid auka noko.



Gjevartenesta fekk ein fin auke etter kampanje på sist årsmøte. Bladpengane har gått ned år for år, men kyrkjebladet gjekk i 2019 akkurat i balanse, takka vere gode annonseinntekter.

Diverse tilskot var svært høg i 2019 i høve til tidlegare og det skuldast eit kyrkjesikringstilskot på 50.000 som ein fekk på grunn av installert brannalarmanlegg, og eit ekstra tilskot til trusopplæringa til eit ungdomsprosjekt på 70.000. Utanom desse er mesteparten av tilskota frå kommunale kulturmidlar, OVF-midlar og K-stud-midlar som staben leverer inn søknadar på aktivitetane i kyrkjelyden.



# Statistikk

Kva	2018	2019
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	57	59
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	6597	7632
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	116	129
Totalt tal gudstenester i Meland	75	78
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	129	136
Tal totalt til nattverd	2933	3905
Tal på gudstenester med nattverd	42	54
Snitt nattverddeltakarar pr. Nattvergdugsteneste	70	72
Utmeldingar	29	42
Innmeldingar	0	3
Dåp	64	55
Konfirmerte: 61 av totalt årskull 78 (født i 2004, busett i Meland, register i Kardinal)	62	61
Vigsel	13	8
Gravferder	32	45
Søndagsskule/Løvegjengen*	80	80
Institusjonsandakter	45	46
Husgrupper – 10 grupper med totalt 91 medlemmar	10	10

Tala for gudstenesteframmøte viser ei gledeleg utvikling frå 2018 til 2019. Det er fleire gudstenester totalt, og samstundes høgare snitt på kvar gudsteneste. Det er også fleire gudstenester med nattverd, og kvar av dei har i snitt fleire gjestar. Endringane skuldast ikkje fleire dåp eller fleire konfirmantar, då begge desse tala er lågare samanlikna med 2018, men truleg har oppstartingen av Hip-hop-dans gjeve eit godt bidrag til eit høgare antal frammøtte, saman med all god innsats frå frivillige og tilsette for å ha fokus på kvalitet, engasjement og mangfald i gudstenestene.

Det er gudstenester stort sett kvar sundag i Meland sokn, med stor variasjon i innhald i tema, musikk og aktørar. Særskilte kan nemnast desse (i tillegg til dei som er omtalt andre stadar i årsmeldinga): Askeonsdag var det skriftemål, askekors-teikning og nattverd. Jazz-gudstenesta i mai vart prega av dyktige lokale musikarar. Hip-hop-dans sette preg på fleire gudstenester i 2019, og i haust var det 4-årsbokutdeling, dans og Levande lys same sundag. I tillegg prega trusopplæringa med Lys Vaken og Tårnagent to andre sundager. Friluftsgudstenesta på Håøytoppen gjekk føre seg i pøsande regn, men med mange frammøtte, samt Leknes blåseorkester. Til gudstenesta i samband med kystsogedagane vart presten rodd i land på Holmeknappen av to staute karar i en seksring. I oktober var det kveldsgudsteneste utan elektrisitet, noko som gav ei fin stund med rom for samtale, og den internasjonale gudstenesta i november vart ei flott oppleveling av den verdsvide kyrkja.

Antal dåp er merkbart lågare enn i 2018. Dette viser likevel ikkje dei relative tala (målt mot antal fødde) sidan kyrkja ikkje lenger har tilgang på talet for nyfødde med foreldre innmeldt i kyrkja.

Antal konfirmantar er marginalt lågare (minus 1) enn i 2018, men er relativt sett høgare sidan det i årskullet 2018 vart konfirmert 62 av potensielt 84.

# Kyrkjelydsarbeidet og trusopplæringstiltak



Foto 2 - Sokneprest Bjørn Tore Sæle og Anne Grete Rantrud på medarbeidarfesten på Tveit Bedehus

## Misjonsprosjekt

I haust har vi gått i gang med eit nytt misjonsprosjekt, i Midtausten, i samarbeid med Det norske misjonsselskap. Det er fleire forskjellige arbeidsområde i ulike land NMS støttar oppom. Dei har ingen norske utsendingar, men støttar opp om lokalt arbeid. Mellom anna støttar ein SAT7 som er ein kristen TV-kanal, bibelarbeid, arbeid for fattige barn i Egypt og mykje anna.

## Enkelttiltak - trusopplæring

Tabell 2 - Oppmøtetal på enkelttiltak

Kva	Deltakarar 2018	Deltakarar 2019
Lys Vaken	13	10
Tårnagent	11	16
Ranselbøn	6	5
4-årsbok	35	36

## Konfirmantar

Vi opplever at konfirmantarbeidet fungerer bra. Det har vore veldig fint å få sokneprest Bjørn Tore og spesialprest Håkon med i konfirmantarbeidet, i tillegg til diakon Ruben og kyrkjelydspedagog Anne Marit. Vi hadde eit positivt konfirmantkull i 2019, både på Rossland og Frekhaug. Det var 61 konfirmantar i alt.

Vi har hatt 7 heimegrupper for konfirmantar. Dette er gode møtepunkt for konfirmantane, der dei kan prate om tru og liv på ein annan måte enn i undervisninga. Vi har fått gode tilbakemeldingar på gruppene, både frå konfirmantane og heimegruppeleiarane.

## Fasteaksjonen

Fasteaksjonen vart arrangert 7. april i samband med gudstenesta.

## Løvegjengen (søndagsskulen)

Det har vore stabilt og godt og oppmøte på Løvegjengen. Vi har fått inn nokre nye leiarar, men her er det framleis stort behov for fleire.



Foto 3 - Oliva Fosse Dahle som forsongar under gudsteneste

## Babysong/småbornstreff

Dette er eit populært tiltak, med eit snitt på over 15 babyar, pluss vaksne.

Helga Stokke har også dette året vore med som frivillig medhjelpar, og er til stor hjelp, både med det praktiske og dei sosiale oppgåvene.

## HipHop-kurs for barn



Foto 4 - Hip Hop i kyrkja!

Dette er eit heilt nytt arbeid som starta i januar, der Siren Godø, Karianne Fosse Rødland og Magdalena Lavik er instruktørar. På vårsemesteret blei det starta to kurs for ulike aldersgrupper, og på hausten blei det starta endå ei ny gruppe. Det har vore stor interesse for kursa, og til saman 42 barn har vore med. Dei har vore med på fleire gudstenester gjennom året.

## Onsdagsklubben

Etter initiativ frå prest Helge Hitland og Nils Arne Lavik blei det starta ein utesøndagsskule på Mjåtveitstø i lag med diakonen Ruben Sæle, Nils Fredrik Rifsgård (frå Frekhaug indremisjon), Øystein Aamli og Marianne Myking. Det var sju samlingar på vårsemesteret og seks samlingar på hausten. Det har vore om lag 25 barn innom.

## Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane har vore annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse. I 2019 har det vore svært godt oppmøte, mellom 60 og 100 barn møter fram på samlingane. Det har vore med 21 leiarar, mange av dei foreldra til born i målgruppa. På kvar av samlingane vil dei ha med minimum 6 leiarar, men det er då råd å veksle på kven som deltek som leiarar. Yngresleiarane opplever at miljøet på Yngres er godt.

## Skrul og Tenklubben

Diakonen har i lag med pastor i Indremisjonen, Nils Fredrik Rifsgård, følgt opp styret til Sagstad kristelege ungdomslag (Skrul) som har hatt møter på Frekhaug bedehus. Det var lite oppmøte på Skrul på vinteren 2019, og etter påske vart det bestemt at ein tek pause til sommaren. Etter vårsemesteret bestemte styret seg for å leggje ned Skrul.

I haust vart det starta eit nytt tiltak retta mot ungdom i samarbeid mellom Meland kyrkjelyd og Frekhaug indremisjon kalla Tenklubben. Hovudleiarar er diakonen, pastor i indremisjonen, Elisabeth Langeland og Trygve Bjørdal. Tenklubben har hatt 7 samlingar og det har vore om lag 40 ulike ungdomar innom.

## Diakoni

Kyrkjelyden har hatt desse diakonale tiltaka:

- Open møteplass kvar måndag, onsdag og torsdag
- Roseutdeling til jubilantar over 80 år
- Norskurs og internasjonal kafé
- Besøksteneste i samarbeid med Røde kors og Meland frivilligsentral
- Diakonen har eit samarbeid med både skular og helsejukepleiarar for å tilby samtaler til ungdom

## Musikklivet i kyrkjelyden

Forsongrarar, solistar, kor, korps og band har teke del ved gudstenester og konsertar i 2019. Året har vore prega av jamt og godt arbeid med musikken i kyrkjelyden.

Av arrangement kan konsert med Solveig Leithaug og Kristin Minde Kråkenes nemnast. Av nytt på gudstenestetilbodet kan Johnny Cash messe også trekkast fram. Det er også teke initiativ til å inkludere barn og unge meir aktivt i gudstenesta, som for eksempel forsongrarar og solistar.



Foto 5 - Solveig Fosse Skeie og Eva Kristin Dale Wessman forsongrarar frå koret Felix Vocalis

Tusen takk for eit kjekt og innhaldsrikt år saman!



Foto 6 - Frå gudstenesta 17.mai 2019

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)  
[facebook.com/melandkyrkja](https://facebook.com/melandkyrkja)  
Alle foto i årsmeldinga: Arve Kjell Uthaug